

Ei rekkje ord dannar kjeder som refererer til kvarandre med nærliggande tyding. Merke med blått er til dømes ei rekkje verb som handlar om å flytte seg frå ein stad til ein annan.

Merke med raudt er ei rekkje adverbial som seier noko om kva retning ein rører seg. Øv på desse i samanheng.

ORDPAR: **ikkje folk – ingen**

ORDPAR: **vegen – stien**

ORDKJEDE: **sjøen – nausta – skvulping – bølger – brygger**

ORDPAR: **i blinde – mørkt**

ORDKJEDE SOM ER KNYTT TIL Å HØYRE:

lyden – høyrer – knirkar

ORDKJEDE SOM ER KNYTT TIL Å SJÅ:

sjå – speglar seg – lyser – lys

ORDPAR SOM TYDER OM LAG DET SAME:

stovevindaug – stoveglas

Det er for mørkt å gå ned til Vågen.

Men eg **går** **dit** likevel.

Eg **svingar til høgre** i krysset bortanfor huset vårt.

Eg **går til enden av** vegen.

Det er lys frå **stovevindaug**,

men eg ser **ikkje folk**.

Ingen ser meg heller.

Ved enden av **vegen** går eg **inn på stien** ned **mot sjøen**.

Eg er her så ofte at eg kan gå stien **i blinde**.

Fullmåne og kvit snø gjer det

lett å **ta seg fram** til **nausta**.

Sjølv om det er **mørkt**.

Eg tek ingen sjansar på at nokon kan sjå meg,

og **smyg meg** fram **langs** veggene.

Skvulping frå små **bølger** mot steinar og **brygger**

er einaste **lyden** eg **høyrer**.

Og stega mine som **knirkar** i snøen.

Eg **listar meg** inn i naustet som ligg nærast huset.

Frå plassen eg stod sist eg var her,

kan eg **sjå** huset tydeleg.

Månen **speglar seg** i eine **stoveglaset**.

Men det er vel ikkje berre månen som **lyser** der inne?

Er det ikkje eit lite **lys** til,

som lever og bivrar bak gardina?

Det er nokon der.

Dei er der enno.

Og eg er ganske sikker på kven dei er.

Men kvifor har dei gøymt seg i dette huset?

Korleis visste dei om det?

Eg høyrer ingen lydar. Eg ser ingen rørsler.

Men likevel veit eg at dei er der.

Eg kjenner det på meg.

Og eg veit ikkje kva eg skal gjera med det.